

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
066/2014	Formannskapet i Radøy	PS	14.10.2014
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	14/298	14/10646

Budsjettregulering haust 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Driftsbudsjett 2014 vert endra i samsvar med skjema 1B slik det går fram av saksutgreiinga.

Saksopplysingar:

Budsjettet for 2014 har tidlegare i år vore regulert i samsvar med endra rammetilskot og skatteinngang, der det er lagt til grunn bruk av fondsmidlar for å dekkja opp mindreinntekt. Tertialmelding for perioden januar - august 2014 syner at drifta går mot underskot i 2014, og rådmannen ser ikkje at det er råd å regulera budsjettet ytterlegare. Likevel må det gjerast nokre endringar som har innverknad på fordelinga mellom tenesteområda. Tidlegare har reinhald for ein del bygg vorte samla på eitt ansvar. No vert denne ordninga utvida, slik at reinhald i dei fleste kommunale bygg vert utført under felles leiing. Budsjetterte midlar til reinhaldspersonale og reinhaldsmidlar må difor flyttast frå dei aktuelle einingane til reinhald, ansvar 6120 i organisasjonsplanen. Kostnadene til reinhald vert såleis ikkje synlege på kvart einskild tenesteområde, men går indirekte fram på ansvar 6120. Kostnadene til reinhald vert fordelt også på alle aktuelle tenester etter fordelingsnøkkel, slik at Kostra-rapporteringa vert rimeleg rett.

Endringa har verknad frå 1. april 2014, og kostnader ført på tenesteområda etter den tid, vert flytta til ansvar 6120.

Budsjettendringa har følgjande verknad på skjema 1B:

Stab og politisk		0
Politisk		
Rådmannsstab		
Nn Digi		
Frivilligsentralen		
Landbrukskontor		
Oppvekst		-1 586 000
Oppvekst stab		
Austebygd skule		-205 000
Hordabø skule		-338 000
Manger skule		-19 000
Sæbø skule		-508 000
Radøy ungdomsskule		-32 000
PPT		-1 000
Austebygd barnehage		-125 000
Bø barnehage		-182 000
Prestmarka barnehage		-23 000
Sæbø barnehage		-153 000
Radøy kultur- og musikkskule		
Helse og omsorg		-43 000
NAV sosial		
Barnevern		-1 000
Helsehuset		
Psykisk helsevern		-1 000
Radøy matsøvis		-13 000
Velferdssenteret		
Heimetenesta		-6 000
OMSUT		-13 000
RIB		-9 000
Helse og omsorg stab		
Drift og forvaltning		1 629 000
Løn og rekneskapsenter		
Kultur- og søvistorget		
Kyrkja		
Radøy bibliotek		
Teknisk forvaltning		
Teknisk drift		1 629 000
Brann		
SUM endring		0

Formannskapet i Radøy - 066/2014

FS - handsaming:

Denne saka har vore til politisk handsaming tidlegare i år. Ordføraren trekte saka frå sakskartet.

FS - vedtak:

Saka vert trekt frå sakskartet.

